

<b>LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:</b>	
<b>Norsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• å beskriva språkleg variasjon og mangfald i Norge i dag</li> <li>• å reflektera over haldningar til ulike språk og talespråkvariantar</li> <li>• å forklara korleis påverknad utanfrå endrar språket vårt</li> <li>• å forklara samanhengen mellom språk, kultur og identitet</li> </ul>
<b>Engelsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• reading, writing and speaking about the English-speaking World</li> <li>• using pronouns</li> <li>• writing creative texts</li> </ul>
<b>Matematikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Læra om Pytagoras-setninga og korleis bruke den</li> </ul>
<b>Samfunnsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forklara viktige årsaker til den første verdskrigen</li> <li>• Reflektera kring om krigen kunne vore unngått</li> <li>• Vurdera kva konsekvensar den første verdskrigen har hatt heilt fram til no</li> </ul>
<b>KRLE</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforska og arbeide med sentrale trekk ved kristendommen, slik det blir formidla gjennom evangelia i Det nye testamentet</li> <li>• Bli kjent med og vurdera ulike kjelder til kunnskap om Jesus og dei første kristne</li> <li>• Kunne forklara forholdet mellom Det gamle og Det nye testamentet</li> <li>• Reflektera kring etikken i samband med forteljingane om Jesus i evangelia</li> </ul>
<b>Naturfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Beskriva korleis nokre rusmiddel, dopingmiddel og legemiddel påverkar signalsystema</li> <li>• Forklara kvifor misbruk av rusmiddel, legemiddel og dopingmiddel kan få negative konsekvensar</li> <li>• Vurdera og bruka ulike kjelder for informasjon om rusmiddel, dopingmiddel og legemiddel, og presentera informasjonen</li> </ul>
<b>Spansk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Perfektum (form "Eg har ete")</li> <li>• Uttrykk med verbet TENER</li> <li>• Refleksive verb og å snakka om daglege rutinar på spansk</li> </ul>
<b>Tysk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• repetisjon</li> <li>• læra om oppfinningar og oppfinningane deira</li> <li>• kunna presentera ein idé</li> <li>• finna nokre argument for og imot ei sak</li> <li>• kunna bruka presens perfektum</li> </ul>
<b>Eng fordj</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforska og samanlikna språkbruk og verkemiddel i ulike medium og samanhengar</li> </ul>
<b>Kroppsøving</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforska eigne moglegheiter til trening, helse og velvære gjennom leik, idrettsaktivitetar og andre bevegelsesaktivitetar</li> <li>• Trena på og utvikle ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar</li> <li>• Planleggja og gjennomføra bevegelsesaktivitetar som kan gjennomførast ved skadar eller sjukdom</li> <li>• Bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre</li> <li>• Anerkjenne ulikskap mellom seg sjølv og andre i bevegelsesaktivitetar og inkludera alle, uavhengig av føresetnad</li> </ul>

<b>Musikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna spela gitar eller piano til songar</li> </ul>
<b>Mat og Helse</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Planleggja og bruka eigna reiskap, teknikkar og matlagingsmetodar til å laga trygg og berekraftig mat som gjer grunnlag for god helse</li> <li>• Bruka sansane til å vurdera kvaliteten på matvarer, utforska og kombinera smakar i matlaginga og forbetra oppskrifter, menyar og anretning av mat</li> <li>• laga mat frå norsk kultur og samanlikna og utforska råvarer og matlagingsmetodar som blir brukte i ulike matkulturar</li> </ul>
<b>Kantine</b>	<p>Laga god og ernæringsriktig mat</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Halda god hygiene</li> <li>• Jobba med rekneskap og plakatdesign</li> <li>• Gjennomføra sal</li> </ul> <p>Hugs forklede og hårstrikk til alle kjøkkenøkter</p>
<b>Fys.ak.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øva på og gjennomføra Padel saman med andre</li> <li>• Anerkjenna skilnader mellom seg sjølv og andre i aktivitetane, inkluderer alle, samarbeider og oppmuntrar medelevar</li> </ul>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Planleggja og gjennomføra turar om vinteren, og med overnatting</li> <li>• Gjere rede for val av rute og leirplass</li> <li>• Ferdas trygt, sporlaust og ta ansvar for seg sjølv og andre</li> <li>• Halde orden på og vurdera bruk av utstyr og klede</li> <li>• Forstå og nytte teknikkar knytta til bål, førstehjelp og redskap</li> </ul>
<b>Innsats for andre</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforska og reflektera over kva frivillig arbeid og sosialt entreprenørskap er og kva dette betyr i praksis</li> </ul>
<b>Olweus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Inkludering</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

### Godt nytt skuleår!

#### Terminslutt

Fredag 12. januar er det terminslutt. Onsdag i veke 3 vil elevane få ei undervegsvurdering og karakter i alle fag på Visma.

#### Søppelrydding i nærområdet.

Me på 9.trinn har observert at det har vore mykje søppel rundt om kring etter jul og nyttårsfeiringa. Som ein del av det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap, skal elevane 11.januar rydda søppel i nærområdet 4 - 6t.

#### Utdanningsval fagdag

Torsdag 18.januar skal elevane på 9.trinn delta på ein fagdag i 2 og 3. time. Då skal elevane få høyra tre foredrag om tre ulike utdanningsprogram. Rådgivar Knutzen har alt byrja å gå innom klassane for å gi informasjon om alle dei 15 utdanningsprogramma i den vidaregåande skulen. Etter fagdagen skal elevane setja opp tre ønskjer for kva dei vil fordjupa seg i når elevane seinare skal hospitera på vgs og ut i arbeidspraksis.

#### Vinterball

Som i fjor skal me halda vinterball på skulen. Datoen er sett til 25.01. Hald av datoen! Meir informasjon vil komma.

HEIMEARBEID VEKE 2	
<b>Norsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Er det skilnad på jentespråk og gutespråk? Finst det typiske jenteuttrykk og typiske guteuttrykk? Skriv ned døme på skilnader i språkbruken til jenter og gutar i eit tokolonnotat. Finn også andre døme på typiske jenteord og guteord i tillegg til dei du finn i illustrasjonen.</li> </ul>
<b>Engelsk</b>	Jamaica, USA and Canada are examples of English-speaking countries. Make your own mind-map where you mention 3-5 main points about each place.
<b>Matematikk</b>	Oppgåve 2.76, 2.77 og 2.78 side 130 i Matematikk 9 grunnboka. Legg inn bilete av arbeidet ditt på ON.
<b>Samfunnsfag</b>	<p>Les "Kvifor vart det krig?" på aunivers.</p> <p><b>OPPGÅVER:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Når braut den første verdskrigen ut?</li> <li>Nemn nokre grunnleggande årsakar til at den første verdskrigen starta.</li> <li>Forklar kvifor skota i Sarajevo blir kalla ei utløysande årsak til krigen.</li> <li>Kva for alliansar var etablerte før krigen, og kvifor oppstod dei?</li> </ol>
<b>KRLE</b>	Les kapitelet <a href="#">«Inn til Jerusalem – og inn i historia»</a> Gjer oppgåve 1,2,3,4,5 «Finn svaret»
<b>Naturfag</b>	Les side 227-228 i Solaris. Svar på spørsmålet "Finn ut meir" – skriv eitt avsnitt på ON under veke 2.
<b>Spansk</b>	Skriv 5 setningar om rutinen din en skoledag (for eksempel, tirsdag) Lever på ON (Gonzalo) eller Teams (Kristian).
<b>Tysk</b>	Sjå ON-Hjemmearbeid-Woche 2.
<b>Eng fordj</b>	Read p. 236-237 (OnTheMove) and do the quick ones and learn the new words p. 237-238. Dictation on Thursday.
<b>Arbeidslivsfag</b>	Når du får framovermeldinga di på Visma er det viktig at du les denne tilbakemeldinga nøye og drøftar det med arbeidsgivar. Då må ein undersøkje moglegheitene ein har for å kunna imøtekomma tilbakemeldinga.
<b>Kroppsøving</b>	Basket og basis. Innegym. Hugs innesko.
<b>Musikk</b>	Klassane har kome litt ulikt, men så snart film-musikk-prosjektet er avslutta, skal du øve på å spele gitar eller piano. Du må øve mykje for å få framgang.
<b>Mat og Helse</b>	<p><b>På kjøkkenet:</b> Hugs innesko og strikk til håret.</p> <p>Me skal laga:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Fiskesuppe(eige ark)</li> <li>Wraps med laks og couscous s. 51</li> <li>Urtebrød</li> <li>Bollar</li> </ul> <p><b>Teori:</b></p>

	Berekraftig mat og matproduksjon: Kap 8+9.
<b>Fys.ak.</b>	Sjekk Teams.
<b>Friluftsliv</b>	Møt i 9A sitt klasserom. Me skal planleggje overnattingstur og isbading som skal skje dei neste vekene.
<b>Innsats for andre</b>	Møt i 9c sitt klasserom.

<b>HEIMEARBEID VEKE 3</b>	
<b>Norsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Les <a href="#">denne teksten</a></li> <li>• Lag ditt eige språkportrett. Bruk illustrasjonen som døme og inspirasjon. Teikn inn både framandspråk, dialekt og eventuelt sosiolekt.</li> </ul>
<b>Engelsk</b>	Grammar, pronouns: Watch the <a href="#">movie</a> and do as many tasks possible from this <a href="#">page</a> within 15 minutes. Make sure to read tasks and instructions carefully to ensure understanding. Deliver screenshots from your answers on OneNote.
<b>Matematikk</b>	Repetisjonsoppgåver. Oppgåve 2, 4 og 5 på side 104 og 105 i Matematikk 9 oppgåveboka. Legg inn bilete av arbeidet ditt på ON.
<b>Samfunnsfag</b>	<p><b>Les</b> fram til deloverskrifta <i>Teknologi</i> i artikkelen "<b>Krigens gang</b>" på aunivers.</p> <p><b>Skriv:</b> Forklar omgrepa under i tabellen som ligg på OneNote.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Allianse</li> <li>• Trippelalliansen</li> <li>• Trippelenteten</li> <li>• Nøytralitet</li> <li>• Vestfronten</li> <li>• Austfronten</li> <li>• Skyttargrav</li> </ul>
<b>KRLE</b>	Faglærer i kvar enkelt klasse gjer heimearbeid.
<b>Naturfag</b>	Les side 129-131. Svar på spørsmålet "Finn ut meir", og skriv eitt avsnitt på ON veke 3.
<b>Spansk</b>	Oversett teksten du fikk av læraren. Ta bilete og lever på On eller Teams.
<b>Tysk</b>	Verbttest «Presens Perfektum» på torsdag: sjå ON-Heimearbeid-Woche 3.
<b>Arbeidslivsfag</b>	Når du får framovermeldinga di på Visma er det viktig at du les denne tilbakemeldinga nøye og drøftar det med arbeidsgivar. Då må ein undersøkje moglegheitene ein har for å kunna imøtekomma tilbakemeldinga.
<b>Kroppsøving</b>	Basketball og basistrening. Innegym. Hugs innesko.
<b>Musikk</b>	For å kunna spela eit instrument, må ein øva svært mykje. Dette krev disiplin i arbeidet. Du må repetera svært mange gonger for å oppnå framgang. Sjekk med lærar at du øver på ein slik måte at du oppnår det.
<b>Mat og Helse</b>	<p><b>På kjøkkenet:</b> Hugs innesko og strikk til håret.</p> <p>Me skal laga:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fisk i lauk og paprikasaus s 54</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fiskegrateng s 59</li> <li>• Kannelsnurrar s 131</li> </ul> <p><b>Teori:</b></p> <p>Berekraftig mat og matproduksjon: Kap 8+9.</p>
<b>Fys.ak.</b>	Sjekk Teams.
<b>Friluftsliv</b>	Møt ved Tjødnå 12.30. Sjå Teams/OneNote om kva du skal ha på deg og med deg. Avslutter ved Tjødnå seinast 14.00.
<b>Innsats for andre</b>	Møt i 9c sitt klasserom.